

# Namne-konkurransen

JRI er hovudinstitusjon for kartlegging av jord, skog og vegetasjon. Det er gjort framlegg om at Landsskogtakseringa og Jordregisterinstituttet skal slåast saman til ein institusjon.

Dette skjer i samsvar med tilrådinga frå Grue-utvalet som har vurdert dei framtidige arbeidsoppgåvene for Jordregisterinstituttet. Formålet med samanslåinga er å få til ei betre samordning av dei skogfaglege registreringane i Noreg, og å samle den kompetansen i skogfagleg datainnsamling som desse institusjonane representerer.

Namnekonkurransen tek sikte på å få fram forslag til namn som er dekkjande for den nye institusjonen.

Vi stiller følgjande generelle krav til namneforsлага:

1. Nemninga må vere *dekkjande* for dei oppgåvne institusjonen skal arbeide med.
2. Det skal vere *lett å oppfatte* tydinga av ordet, dvs. det må vere mest mogelig *sjølvforklarande*.
3. Namnet skal vere så *stutt* som mogleg og det må kunne tilpassast den noverande logoen til Jordregisterinstituttet.



4. Namnet skal ha ei slik form at ein lett set det i samband med ein *statsinstitusjon/nasjonal institusjon*.
5. Det må finnast ei *god og einatydig kartform* av namnet (samanlikn Kartverket for Statens kartverk) dersom det originale namnet blir for langt til "dagleg bruk". Alternativt må det finnast ei *akseptabel forkorting* på grunnlag av initialane (samanlikn NILF for Norsk institutt for landbruksøkonomisk forsking).
6. Dei ovannemnde krava gjeld både ev. nynorsk- og bokmålsversjon dersom nemninga ikkje er den same på både målføre. Nemninga må og lett kunne omskrivast til engelsk.
7. Namnet må ikkje likne på andre i den grad at det lett oppstår *forveksling*.

Frist for innlevering av forslag er 1. mai 1987.

Dei innkomne forslaga vil bli vurderte av ein 3-mannsjury med representantar frå Landbruksdepartementet, Jordregisterinstituttet og Landsskogtakseringa.

Forslagsstillaren til det utkastet som får størst oppslutnad vil bli premiert med eit stipend til ein studietur innan eit naturfagleg emne verd kr. 10 000,-. Dersom vinnarforslaget er framsett av to, vil summen bli delt likt. Har fleire enn to sett fram forslaget, vil vinnaren bli trekt ut ved loddtrekning. Tema, tid og stad får vinnaren velge fritt.

Nærmore opplysningar om konkurransen kan de få ved å vende dykk til:

Direktør Kristen Øyen,  
Landsskogtraksator Torgeir Løvseth, eller  
Kontorsjef Ingar Kristoffersen.

Adr.: Jordregisterinstituttet, Boks 115, 1430 Ås Tlf.: (02) 94 12 60

Adr.: Norsk institutt for skogforskning, Avd. for landskogtaksering, Postboks 61, 1432 Ås-NLH

Tlf.: (02) 94 98 10